

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Møtebok for Kommunestyret

Den 27.04.2012 kl 09:15 – 16.30 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.  
Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 033/12 - 039/12  
Innkalling til møtet var sendt ut den: 2004.2012.

### Desse møtte:

<b>Arbeiderpartiet:</b>	<b>Høgre:</b>	<b>Senterpartiet:</b>
Ragnvald Tangedal	<b>Karstein Totland, ordførar</b>	Vigdis Jorunn Søvik
Britt Inger Myhr Hope (vara)	Marianne Ulvatn (vara)	Jon Terje Sætre
Bjørn Egil Nordland	Wenke Fredheim Ekren	
	Vebjørn Haugsdal (vara)	
	John Torgeir Torsvik	
	Kjetil Fjellby	
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
Arthur Reidar Sjørusen	Frode Langhelle	
	Lene Hansen Kvamsdal	
<b>Kristeleg Folkeparti:</b>	<b>Framstegspartiet:</b>	<b>Venstre:</b>
Marit Steinestø, varaordførar	Janne Judith K. Sandnes (vara)	Tove K. Sleire Tistel
Lillian Andvik		Øystein B. Strand (vara)
<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>	<b>FORFALL:</b>
	Willy Borge	
	Erlend Kvamsdal	Egil Kvingedal

### Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka
Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø og samfunnsplanleggar Aina Haugland tilstades under orienteringa frå Øystein Imseth.

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Karstein Totland
<b>Utlevert i møtet:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kopi av brev til Hordaland fylkeskommune med søknad om fylkeskommunal støtte til lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden</li> <li>Regionalt utviklingsprogram 2012 - utdrag</li> </ul>
<b>Orientering:</b>	<b>Seniorrådgjevar Øystein Imseth tilsett i næringsseksjonen i Hordaland fylkeskommune, møtte for å orientera om oppfølging av pilotprosjektet lokalsamfunnsutvikling.</b> Representantane stilte spørsmål til Imseth.
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	

Ordfører Karstein Totland orienterte om folkevaldopplæring i plan og bygningslova ville bli tilslutt i møtet ved teknisk sjef Terje Kallekleiv. (16.00 til 16.30)

Ordfører gjorde framlegg om at Øystein B. Strand og Janne Judit K. Kvamsdal skriv under møteboka.

Samrøystes vedteke.

**Innkallinga vart godkjent.**

**Sakslista vart godkjent.**

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
033/12	12/243	Godkjenning av møteprotokoll	3
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
034/12	12/208	Årsreknekskap 2011 for Masfjorden kommune	4
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
035/12	12/199	Årsmelding 2011 for Masfjorden kommune	10
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
036/12	12/220	Årsmelding 2011 - kraftfondet Masfjorden kommune	12
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
037/12	11/702	Brukarutval	17
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
038/12	12/203	Innreiing av kjellar på Sandnes skule	21
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsaknr</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Sidetal</b>
039/12	12/242	Skriv og meldingar	25

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	27.04.2012	033/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/243
-----------	---------------------

### SAK 033/12 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 29.03.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

#### KS-033/12 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 29.03.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

#### Det skjedde i Kommunestyret den 27.04.2012:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	25.04.2012	041/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	27.04.2012	034/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 12/208
--------------	---------------------

### SAK 034/12 - ÅRSREKNEKSKAP 2011 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Årsrekneskapen 2011 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 998.453,17.
- 2) Årsoverskot 2011 vert nytta til;
  - a) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.10 Nordbygda skule, garderobeanlegg som ein hadde forventa å få forsikringsdekning for – og difor ført summen som kortsiktig krav – kr. 121 293,24 som står som restanse på konto 2 1375 360
  - b) Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000
  - c) Restsum (kr. 652.159,93) vert avsett til investeringsfond (balansekonto 2.5300.000)

#### Finansiering

Årsoverskot 2011

#### Heimel

Økonomireglement, kommunelova, føresegner kommunale rekneskap og budsjett

**FS-041/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

- 1) Årsrekneskapen 2011 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 998.453,17.
- 2) Årsoverskot 2011 vert nytta til;
  - a) Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.10 Nordbygda skule, garderobeanlegg som ein hadde forventa å få forsikringsdekning for – og difor ført summen som kortsiktig krav – kr. 121 293,24 som står som restanse på konto 2 1375 360
  - b) Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000
  - c) Overføring av unytta løyving, skule – den kulturelle skulesekken med kr. 40.000,-
  - d) Restsum (kr. 612.159,93) vert avsett til investeringsfond (balansekonto 2.5300.000)

**Det skjedde i Formannskapet den 25.04.2012:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Saka vart drøfta.

- Avskrivingar – side 5
- Pensjon, side 9/10 og 13 – forklaring netto pensjonsforplikting og auken (KLP bedne om å komme med forklaring – KLP stille i Kommunestyre )
- Sjølvkost – vatn
  - seie opp avtale (drøfta innhald og utfordringa)
  - sjølvkost – etisk (Masfjorden har ikkje sjølvkost, sel billig til Gulen – som tek mykje høgare avgift enn
- Note 10, minimumsavdrag
- Startlån
- Resultat drift – tilsvarande
- Konesjonskraft – usikre inntekter – uheldig at alt går til løpande drift – bufferkapital
- Overføring av unytta løyvinga – regelverk og innstraming 2010,

Ein søknad om overføring av unytta løyving var ikkje kome med i saksframlegget, og gjeld den kulturelle skulesekken. 2011 med budsjett med netto kostnad 69.000 og enda ut med ei inntektsføring på knappe 11.000, mindreforbruk på 80.000,-.

**Marit Steinestø, KrF**, fremja forslag om at skule, den kulturelle skulesekken får overført 40.000 som unytta midlar.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggsframlegget frå KrF vart samrøystes vedteke.**

Formannskapsmøte 22.mai må flyttast.

**KS-034/12 VEDTAK:**

- 1) Årsrekneskapen 2011 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 998.453,17.
- 2) Årsoverskot 2011 vert nytta til;
  - a) **Inndekning av udekkede investeringar pr. 31.12.10 Nordbygda skule, garderobeanlegg som ein hadde forventa å få forsikringsdekning for – og difor ført summen som kortsiktig krav – kr. 121 293,24 som står som restanse på konto 2 1375 360**
  - b) **Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000**
  - c) **Overføring av unytta løyving, skule – den kulturelle skulesekken med 40.000.**
  - d) **Restsum (kr. 612.159,93) vert avsett til investeringsfond (balansekonto 2.5300.000)**

**Det skjedde i Kommunestyret den 27.04.2012:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen refererte frå vedtak i formannskapsmøte 25.04.2012 der denne saka var handsama og det vart gjort ei endring høve rådmannen sitt framlegg. Det var pkt c: Overføring av unytta løyving skule – den kulturelle skulesekken med 40.000.

Rådmannen gjekk no gjennom rekneskapen og orienterte. Det var høve til å stilla spørsmål undervegs.

**Spørsmål:**

- Det vart stilt spørsmål om budsjettering pga av at det er avdelingar som kjem ut med mindreforbruk i høve budsjett (skulane) og at det vil vera ei gulrot for avdelingane å ha noko til overs. Det er viktig å laga eit budsjett som tek høgde for utforutsette ting, for eksempel i barnehagane om har avvik.
- Status på kommunale vegar.  
Rådmannen svara at sak med budsjett for kommunale vegar var vedteken i kommunestyret i sak 8/12 den 31. januar.
- På grunn av at barnehage kjem ut med avvik over fleire år spurde Marit Steinestø om det er barn som går i barnehage i andre kommunar som er årsak til at barnehagane kjem ut med avvik. Ho spurde om søkjar velja barnehageplass i annan kommune sjølv om det er ledig i heimkommunen?  
Rådmannen svara at det kan dei og at pengane føl brukaren.

Det vart stilt spørsmål om kva ein kan gjera for at innbyggjarane i Masfjorden brukar dei ledige plassane som me har i barnehagane og ikkje søkjer plass i andre kommunar og om det går det an å få til ei skyssordning.

Rådmannen svara at administrasjonen skal sjå på dette og ta kontakt med dei foreldra det gjeld for å sjå om det er moglege å finna praktiske løysingar på dette.

**Marit Steinestø, KrF**, ba om at skriv om overføring av kr. 40.000 til den kulturelle skulesekken må takast med i sakstilfanget.

**Janne Judit K. Kvamsdal, Frp**, gjorde framlegg om ei endring i formannskapet sitt framlegg.

*Kr. 400.000 vert avsett til kommunale bygg etter prioriterte lister. Administrasjonen får fullmakt til å fordele midlane etter liste.*

*Kr. 252.000 vert avsett til investeringsfond.*

**John Torsvik, H**, sa at Høgre vil ikkje fremme forslag i dag på bruk av overskotet, men vil ta evt. innspel opp i budsjettsalderinga. Eit innspel som vi kan gi rådmannen, er å justere løyvinga til Kyrkeleg Felle råd slik at dei kan etterleve eit realistisk driftsbudsjett. Det kan vere behov for andre justeringar og ettersom vi ser at fleire avdelingar no søker om å avsetje overskot til eigne fondsavsetningar. Det viser at einingane er framtidsretta, og tyder på at dei forvaltar budsjetta sine bra.

Høgre vil likevel peike på at kommunestyret bør merke seg dei auka forpliktelsane som kommunen har, ikkje minst pensjon og lønsutgifter. Formannskap og kommunestyre bør sjå nærare på handlefridomen når økonomiplanen skal rullerast, og korleis organisering og kommunestruktur eller interkommunalt samarbeid kan bidra til å betre dette.

Kommunestyret står no samla bak ei viktig satsing på Masfjordsambandet, og finansieringa vil bli den heilt avgjerande faktoren om når vi kan køyre over brua. Vi må innstille oss på at Masfjorden må bruke pengar på dette, sjølv om det aldri så mykje er fylkeskommunen som er eigar av vegen i dag. Handlefridom betyr pengar på bok, og organisering er stikkord for å oppnå dette.

### **Røysting:**

Det vart fyrst røysta over Frp sitt framlegg til nytt pkt c):  
Frp sitt framlegg fekk to røyster og fall.

**Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Rekneskap for 2011 for Masfjorden kommune

### Rekneskapshefte 2011;

- detaljrekneskap investering, drift og balanse
- hovudoversikta & note til rekneskapen
- økonomisk analyse
- Revisjonsmeldinga til kommunerekneskapen

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	17.04.2012	Kontrollutvalet i Masfjorden	Særutskrift frå kontrollutvalet 16.04.12 - rekneskap og årsmeldig 2011 for Masfjorden kommune
3	I	19.04.2012	biblioteksjef Kjellaug Bolset Strand	Søknad om overføring av midlar
4	I	19.04.2012	Heimetenesta i Indrefjorden v/Elin Eikemo	Søknad om overføring av unytta løyvingar.
5	I	19.04.2012	avdelingsleiar Helga Irene Ellingsen	Søknad om overføring til fond
6	I	19.04.2012	Nordhordland Revisjon IKS	Nummerert revisjonsrapport vedr periodisering lønn

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Rådmannen legg fram rekneskapen for 2011 overfor kontrollutval, formannskap og kommunestyret jf. § 10 i føreskrift for kommunale rekneskap.

### HØYRING

### UTTALE

Revisjonsmeldinga + uttale frå kontrollutvalet 16.april 2012.

### FAKTA

Jf. rekneskapshefte

3 søknader om overføring av unytta løyvingar



## VURDERING

2 av søkjarane kring overføring av unytta løyvingar tilfredstiller ikkje kravet til overføring i forhold til anten tenesta eller rammeområde går ikkje i pluss.

Siste søkjarar tilfredstiller krava, men fekk overført unytta løyving i 2010 som ikkje er nytta. Føremålet med overføringa er å nytte til tiltak under samhandlingsreforma/medisinsk utstyr, og desse midlane kan nyttast kan prioriterast seinare ved nærare søknad knytt til pkt. c i framlegg til vedtak.

## KONKLUSJON

Ein tilrår at rekneskapen 2011 vert godkjent slik den ligg føre og disponering av overskot i samsvar med tilrådinga. Gjennom rekneskapshefte og saksutgreiinga har ein vektlagt og synleggjort det ein meiner er relevant informasjon frå 2011 rekneskapen til kommunen.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	25.04.2012	040/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	27.04.2012	035/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-001	Arkivsaknr.: 12/199
--------------	---------------------

### SAK 035/12 - ÅRSMELDING 2011 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2011 for Masfjorden kommune vert teken til vitring.

#### Finansiering

#### Heimel

#### FS-040/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Årsmelding 2011 for Masfjorden kommune vert teken til vitring.

#### Det skjedde i Formannskapet den 25.04.2012:

Årsmelding vart utdelt i møtet.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen hadde ein gjennomgang på årsmeldinga.

#### Røysting:

Vedtak, samrøystes i tråd med rådmannen sitt framlegg til vedtak, og tilrådd overfor kommunestyre.

## **KS-035/12 VEDTAK:**

**Årsmelding 2011 for Masfjorden kommune vert teken til vitring.**

### **Det skjedde i Kommunestyret den 27.04.2012:**

Årsmeldinga 2011 for Masfjorden kommune vart utdelt i møtet.

Det vart stilt spørsmål og påpeika nokre feil i årsmeldinga.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen gjekk gjennom årsmeldinga og orienterte. Han sa at årsmeldinga ikkje er ferdig redigert og språkvaska. Dette vil bli gjort før den går i trykken. Ein reknar med at årsmeldinga er klar til utsending i midten av mai.

### **Røysting;**

**Tilrådinga frå formannskapet til Årsmelding 2011 for Masfjorden kommune vert samrøystes teken til vitring.**

## **SAKSTILFANG:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Brevdato</b>	<b>Avsendar/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
2	I	17.04.2012	Kontrollutvalet i Masfjorden	Særutskrift frå kontrollutvalet 16.04.12 - rekneskap og årsmeldig 2011 for Masfjorden kommune

- Årsmelding 2011 for Masfjorden kommune i eige hefte

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	17.04.2012	007/12	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	27.04.2012	036/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-001	Arkivsaknr.: 12/220
--------------	---------------------

### SAK 036/12 - ÅRSMELDING 2011 - KRAFTFONDET

### MASFJORDEN KOMMUNE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Årsmelding 2011 for kraftfondet vert teken til vitring
2. Unyttta midlar 2011 med kr. 546.439 vert nytta til finansiering KS sak 53/11, og resten av unyttta midlar vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål
3. unyttta midlar (unyttta av tildelingar gjort i 2001-2010) vert omdisponert, og avsett til kommunen sitt fond for delfinansiering av bruprosjektet med kr. 662.500,-.

#### Finansiering

Bruk av unyttta midlar kraftfondet 2011 og tidlegare tildelingar som vert trekt

#### Heimel

§ 7 i vedtektene for kraftfondet

#### Utskrift til:

- Fylkesmannen i Hordaland
- Hordaland fylkeskommune
- Innovasjon Noreg
- Revisjonen

**KRFT-007/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Årsmelding 2011 for kraftfondet vert teken til vitring
2. Unytta midlar 2011 med kr. 546.439 vert nytta til finansiering KS sak 53/11, og resten av unytta midlar vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål
3. Unytta midlar (unytta av tildelingar gjort i 2001-2010) vert omdisponert, og avsett til kommunen sitt fond for delfinansiering av bru prosjektet med kr. 662.500,-.

**Det skjedde i Kraftfondsstyret den 17.04.2012:**

Lillian Andvik, KrF, kom inn i møtet som vararepresentant.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen gjekk gjennom årsmeldinga og orienterte om dei ymse kapitla.

Saka vart drøfta og det vart stilt spørsmål.

**Frode Langhelle, H**, stilte spørsmål og ba om forklaring på pkt. i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

2. Unytta midlar 2011 med kr. 546.439 vert nytta til finansiering av KS sak 53/11, og resten av unytta midlar vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål.

Teksten litt uheldig, og justert til:

- 2. Unytta kraftfondsmidlar 2011 med kr. 546.439 vert nytta til finansiering av KS sak 53/11, og evt. restsum av unytta midlar vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål.**

**Marit Steinestø, KrF**, hadde spørsmål/merknader til:

- 1) årstal etableringstilskot 2010
- 2) tekst under elevbedrift

Årstal skal vere 2011 og tekst elevbedrift vert å sjekke opp i.

**Frode Langhelle, H**, spurde om det kunne først eige prosjektrekneskap for utgiftene som går til brua. Det vil då vera lettare for politikarane å følgja med.

Mellom anna vart mobilsambandet i Indre Haugsdalen drøfta.

Prøva å få Helse Vest på bana for å vera med å dekkja utgifter til mobildekning.

**Årsmelding 2011 for kraftfondsstyret vart samrøystes godkjent og tilrådd til kommunestyret.**

**KS-036/12 VEDTAK:**

1. Årsmelding 2011 for kraftfondet vert teken til vitring
2. Unytta midlar 2011 med inntil kr. 546.439 vert nytta til finansiering KS sak 53/11, og resten av unytta midlar vert avsett til disposisjonsfond 2.5600.315 bustadføremål
3. Unytta midlar (unytta av tildelingar gjort i 2001-2010) vert omdisponert, og avsett til kommunen sitt fond for delfinansiering av bruprojektet med kr. 662.500,-.

**Det skjedde i Kommunestyret den 27.04.2012:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om årsmeldinga.

**Tove Kristin S. Tistel, V**, spurde om 30.000 som var ført på elevbedrift og om elevbedrift framleis var brukt i skulane. Ho sa at dette var eit lærerikt tiltak i skulen som ein må prøva å få oppatt å gå.

Rådmannen svara at Elevbedrift har ikkje vore med i undervisninga dei siste 2-3 åra. Dette er viktig og ein vil arbeida for at dette kan bli vidareført i skulane.

**Vigdis Søvik, Sp**, sa at det er viktig at tildelt søknad om etableringstilskot vert utbetalt så tidleg som mogleg i året for utbetaling.

Rådmannen svara at det ikkje er noko automatikk i kva tid tilskotet vert utbetalt, men det kan setjast ein frist i regelverket. Vanleg praksis har vore at søkjar som har fått melding om tildeling kjem med ei anmodning om å få utbetalt tilskotet.

Det kom framlegg om å få utarbeidd eit enkelt søknadsskjema der det og står eit punkt om å få utbetalt tilskotet ved framlegging av ferdigattest.

Rådmannen svara at ein skal leggja til rette for dette.

**Røysting:**

**Tilrådinga frå kraftfondsstyret til Årsmelding 2011 for Masfjorden kraftfond vart samrøystes vedteke.**

## SAKSTILFANG:

Årsmelding kraftfondet 2011 – eige hefte

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Årsmelding for Masfjorden kraftfond skal leggjast fram som melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år jf. § 7 i vedtektene.

#### § 7 Årsmelding

Det skal leggjast fram ei melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år. Gjenpart av denne årsmeldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

### FAKTA

Viser til årsmeldinga.

Det er gitt eit oversyn over kva kraftfondet er, styre, saker, rekneskap, utlån, støtteordningar, vedtekter og retningsliner for kraftfondet, næringspris – retningsliner og i 2011 gjekk denne til Entreprenør Ansgar Birkeland AS. Revidert handlingsplan og budsjett pilotprosjektet – viser i denne samanheng til Hordaland fylkeskommune – regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2011, omstillingsmidlar side 26 med midlar øyremarka Fedje/Masfjorden 2010 og 2011 med tildels store beløp (nær 3 mill.kr.). Samarbeidsplattform med GMU, og 2012 budsjettet for kraftfondet.

## Rekneskap Masfjorden kraftfond 2011

	Budsjett	Rekneskap
	2011	2011
<b>Inntekter:</b> Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 360 000	-2 599 156
Avdrag utlån frå kraftfondet	-150 000	-175 642
Renteinntekter, utlån	-140 000	-21 295
Sal av turbok	0	-1 346
<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 650 000</b>	<b>-2 797 439</b>
<b>Utgifter:</b> LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2011	326 000	324 482
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000	485 682
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0	0
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000
Sertifikatorordninga	20 000	45 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000	50 000
Tilrettelegging bustadføremål	500 000	300 000
Elevbedrift	30 000	0
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	10 000	0
Nuten, K-sak 53/11	0	221 902
Andre nærings tiltak - hovudvekt GMU m/250.000 + liv og lyst	307 000	310 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	37 000	33 934
Etableringstilskot	470 000	160 000
Frie fondsmidlar til fordeling	600 000	70 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>2 650 000</b>	<b>2 101 000</b>
<b>utlån</b>		150 000
Unytta 2011:		-546 439

## VURDERING

Det har sidan mai 2011 vore dialog med Hordaland fylkeskommune kring tildeling av midlar til pilotprosjektet, det føreligg politisk vedtak om tildeling av midlar til Masfjorden. Det er gjort ein del administrative endringar i næringsavdeling i HFK, og dialogen har vore mot dei. Det vert stilt krav om revidert handlingsplan og budsjett pilotprosjektet med endra og spissa fokus for at Masfjorden får ut desse midlane.

Kommunen har forplikta seg til medverknad i ei rekkje nye bustadfelt, seinast Einestrand bustadfelt – kor ein treng finansiering. Prosjekta har ofte finansiell inndekking over tid, medan kostnaden kjem ved utbygging. For å sikre finansiering av desse prosjekta – vart det i fjor avsett midlar til fond. Ein har unytta midlar i år og, men desse tilrår ein primært til dekking av KS sak 53/11, men unytta midlar elles tilrår ein vert avsett til fond, styrkar fondsmidlane bustadføremål.

Det er ein del unytta midlar av stønadsmidlar tildelt 2001-2010 som vert inndrege, og dette gjeld (pkt. 3, 4, 5, 6 og 8 jf. årsmeldinga 2010), og utgjer 662.500,-. Desse midlane tilrår ein vert nytta til bruksprosjektet.

## KONKLUSJON

Ein tilrår at årsmeldinga vert teken til orientering



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.04.2012	037/12	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	27.04.2012	037/12	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-022.3	Arkivsaknr.: 11/702
----------------	---------------------

### SAK 037/12 - BRUKARUTVAL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å leggje ned brukarutvalet som organ for handsaming av einskildsaker.

#### FS-037/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret vedtek å leggje ned brukarutvalet som organ for handsaming av einskildsaker.

#### Det skjedde i Formannskapet den 17.04.2012:

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte.

Brukarutvalet har dei siste åra hadde få møte. Det er ikkje eit lovpålagt utval.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### KS-037/12 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek å leggje ned brukarutvalet som organ for handsaming av einskildsaker.

**Det skjedde i Kommunestyret den 27.04.2012:**

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte. Brukarutvalet har hatt få møte dei siste åra og det heller ikkje eit lovbestemt utval.

Saka vart drøfta og mange støtta tilrådinga frå formannskapet om å leggja ned utvalet.

Synspunkt som kom fram under drøftinga:

- Nokre få var kritiske til å leggja ned brukarutalet
- Viktig å ha ein politisk klageinstans
- Ikkje lett å sitja i eit slikt utval i ein kommune der alle kjenner alle
- Viktig å få på plass eit råd for funksjonshemma med klare retningslinjer

**Røysting:**

**Tilrådinga frå formannskapet vart vedteke med 14 mot 2 røyster (To frå Høgre)**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	31.10.2011	Leila Torsvik Andvik	Gjeld brukarutval for barneverntenesta

Kommunestyrevedtak sak 103/11 den 10.11.2011

Ny lov om helse og omsorgstenester

Skriv frå leiar i barneverntenesta

Møtebok frå brukarutvalet sak 04/08 om oppgåvefordeling til Brukarutvalet

Delegeringsreglement

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

Kommunestyret fatta i haust 25.10.2011/10.11.2011 vedtak om å be om at spørsmålet om brukarutval vart førebudd av administrasjonen. I den samanheng vart det også bede om at spørsmål om å kople saman brukarutvalet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Vidare ynskte kommunestyret også ei vurdering av habilitetsspørsmål ved val og samansetjing av brukarutvalet.

Vi har dei seinare åra hatt eit brukarutval som har hatt stadig færre møter. Sist møte var i 2009 om klage på vederlagsberekning (eigenbetaling) på sjukeheimsopphald.

I møte i november 2008 vart tema om funksjon og oppgåver i brukarutvalet diskutert i brukarutvalet. I dette møtet deltok også fleire av fagleiarane som er tilknyttta med evt saker til utvalet. Leiarane var då skeptisk til å bruke utvalet i einskildsaker.

### FAKTA

Brukarutvalet er delegert mynde innanfor enkeltsaker for barnevern, sosial (NAV), skule, barnehage og helsetenester. I stor grad er det tenkt handsama saker som gjeld klagebehandling. Ordninga er ikkje evaluert og delegeringsreglementet og oppgåvefordeling er ikkje gjennomgått i høve desse punkta.

Dei seinare år har utviklinga i kommunane vore at politiske utval ikkje handsamar enkeltsaker innanfor desse fag og lovområda. Dette er også i aukande grad støtta av endringar i lovverket. Sist ved innføring av ny helse og omsorgslov som tilseier saksgang av klagesaker direkte frå vedtaksorgan til fylkesmannshandsaming.

Dei seinare år har også fagpersonellet og fagleiarane våre blitt stadig meir negativ til å handsame enkeltsaker i politiske utval. Dette er knyttta til den belastning ei slik behandling vil kunne ha for brukarane av tenesta.

Å kople saman brukarutvalet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne vil vere svært spesielt. Brukarutvalet er samansett av politikarar og vil evt vere eit vedtaksorgan med mynde delegert frå kommunestyret. Råd for funksjonshemma skal vere samansett av menneske med nedsett funksjonsevne gjerne i kombinasjon med politikarar utpeikt av kommunestyret. Modellen for eit slikt råd er liknande som eldrerådet der eldre sjølv er medlemmer.

Kommunestyret rettar også spørsmål om evt habilitetsutfordringar ved å velje representantar i brukarutvalet som samstundes har sitt arbeid innanfor feltet. Rådmannen viser til reglane om habilitet i forvaltningslova her. Etter kommunelova vil nok eksempelvis politisk valt som samstundes er helsesyster vere valbar, men det vil vere utfordrande i mange saker i høve spørsmålet om dette kan vere egna til å svekke tillit til evt vedtak og handsaming. (§6 - 2. avsn) Det vil også vere eit spørsmål om dette kan vere problematisk i høve yrkesutøving som helsesyster der det er kjent at helsesyster også er medlem i brukarutval der einskiltsaker vert handsama. I saker der helsesyster har deltatt i saksbehandling vil ho som politikar vere ugild.

## VURDERING

Administrasjonen har i drøftingar også i brukarutvalet i 2008 hatt ei pragmatisk tilnærming til problemstillingane. Den potensielle belastninga politisk handsaming kan ha ved at fleire personar i ein liten kommune får innsyn i saker, må oppvegast ved den nytte eller hensikt ei slik handsaming kan eller skal ha.

Reint rettstryggleiksmessig er vi godt sikra i lovverket slik dette no framstår. Leiarane fattar vedtak innanfor delegeringsområde, klage vert stila til vedtaksinstans og dersom vedtaket ikkje vert omgjort til gunst for klagar skal saka sendast til fylkesmannen for endeleg avgjerd. Kva nytte ein som politikar vil kunne ha i sitt politiske arbeid er litt uklart. I dei fleste sakene er vedtak tufta på lovverket direkte og kommunalt skjønn og praksis som er gjennomgåande i alle liknande saker.

Den sterke motstanden mot å handsame enkelt klient/pasient/brukarsaker frå fagleiarane si side må oppfattast som tungtvegande. Dette er personell som kjenner brukarane og ser kva nytte og eller ulempe dei kan ha av politisk handsaming i desse sakene. Rådmannen oppfattar ikkje at deira klare negative haldning byggjer på ynskje om ikkje innblanding eller innsyn generelt. Som alternativ har leiarane omtala at det kan vere eit alternativ å informere kommunestyret om status og innhald i tenestene der det også er rom for å stille spørsmål til utøving og praksis.

## KONKLUSJON

Oppretting og nedlegging av politiske utval er i stor grad eit politisk val som kommunestyret bør fatte. Ut frå den klare tilbakemeldinga rådmannen får frå leiarane finn ein likevel å tilrå at delegeringsreglementet vert endra slik at brukarutvalet vert avvikla i si noverande form.

# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	27.04.2012	038/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-132	Arkivsaknr.: 12/203
--------------	---------------------

### SAK 038/12 - INNREIING AV KJELLAR PÅ SANDNES SKULE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyre vedtek innreiing Sandnes skule i tråd med kostnadsoverslag frå TML

#### Budsjettendringar som følgje av tiltak;

02309 – Sandnes skule	185.000
04290 – Sandnes skule	45.000

#### Finansiert med;

09700 Overføring frå drift	-45.000
09400 bruk av fond	-185.000
17280 Sandnes skule	-45.000
15700 Sandnes skule	45.000

#### Finansiering

Bruk av disposisjonsfond drift 2.5600.100 – skule

#### Heimel

Økonomireglementet pkt. 11.1, pkt. 5

### KS-038/12 VEDTAK:

#### Budsjettendringar som følgje av tiltak;

<b>02309 – Sandnes skule</b>	<b>185.000</b>
<b>04290 – Sandnes skule</b>	<b>45.000</b>

#### Finansiert med;

<b>09700 Overføring frå drift</b>	<b>-45.000</b>
<b>09400 bruk av fond</b>	<b>-185.000</b>
<b>17280 Sandnes skule</b>	<b>- 45.000</b>
<b>15700 Sandnes skule</b>	<b>45.000</b>

**Det skjedde i Kommunestyret den 27.04.2012:**

Saka vart drøfta.

**Janne Judith K. Kvamsdal, FrP**, hadde merknad til at prisen for støyping av golv var høg. Ho spurde om det var henta i fleire pristilbod.

Ordførar Karstein Totland svara at det ikkje berre er støypen, men heile klargjeringa av golvet før støyping med planering osv. Ordførar sa at han vil følgja opp dette og sjå til at ein føl reglane for offentlege anskaffelsar.

John Torsvik, H, sa at her burde kommunen søkt om spelemidlar som eit nærmiljøanlegg, Ordførar svara at for å søkja om spelemidlar må tiltaket vera knytt til eit lag.

**Røysting:**

**Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtak**

## SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	08.03.2012	Sandnes skule v/Dina Dyrhovden	Søknad om innreiing av kjellar på Sandnes skule

## SAKSUTGREIING:

### BAKGRUNN

#### **Søknad om innreiing av kjellar på Sandnes skule**

Hausten 2010 vart det teke initiativ til å få innreia kjellaren i den nyaste delen av Sandnes skule. Det føreligg referat frå møter mellom skulen, lag/organisasjonar og Masfjorden kommune. Det føreligg utkast til planteikningar. Saka har vore handsama i SU ved Sandnes skule. Innreiinga av kjellaren må inn på investeringsbudsjettet, men for å kome i gang har skulen sagt seg villig til å nytte delar av dei frie fondsmidlar til å få gjort grunnarbeid og støypt golvet. I mai 2011 var kostnaden på dette om lag kr 100.000,-. Teknisk etat har no fått utarbeidd eit prisoverslag. Kostnaden er ca 230.000,-. Ligg ved. Ved bruk av frie fondsmidlar over kr 100.000,- skal dette handsamast politisk. Bed om saka vert teken opp til politisk handsaming.

Saka vart elles etterlyst i sist Kommunestyremøte (29.3.2012)

### FAKTA

Prosjektet er kostnadsrekna til ca 230.000,- inkl. mva. og er tenkt finansiert med opparbeidd fondsmidlar Sandnes skule.

Retningslinene for overskotsfond vart endra 27.05.2010 av Kommunestyre

### **KS-036/10 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune legg følgjande rutinar og retningsliner til grunn for over- og underskotsfond (og justerer kap. 11.1 i økonomireglementet til);**

#### **11.1 Hovudregel:**

- Dersom det ved handsaminga av årsrekneskap vert avdekka avvik mellom rammetildeling/budsjett og faktiske rekneskapstal, skal kommunestyret nytta fylgjande hovudregel ved disponering/dekking av meir- eller mindreforbruk.
- Mindreforbruk på eit rammeområde kan overførast til gjeldande teneste/ansvarsområde linka til tilhøyrande rammeområde med inntil 50% av mindreforbruket i eit budsjettår, etter søknad innan 20.11. aktuelle budsjettår, men likevel avgrensa til kommunen sitt samla mindreforbruk for året. Honoreringa skjer som ein hovudregel året etter at resultatet oppstår.

1. avsetjing til overskotsfond føreset;
  - a) totalrekneskapen går med eit mindreforbruk
  - b) rammeområde går med eit mindreforbruk
  - c) ansvar/tenesteområde går med eit mindreforbruk, men aldri større samla avsetjingar innan eit rammeområde enn at rammeområde går ut i budsjettbalanse etter avsetjingane
2. Søknad om overføring av unytta løyving skal grunnjevast, og føreliggje innan 20. november i aktuelle driftsår og elles i samsvar med økonomireglementet pkt. 11.1. Det skal fattast administrativt vedtak på kvar søknad, som vert lagt fram for Kommunestyret som del av sak delegerte vedtak i første møte på nyåret, og seinast innan møtedag for rekneskapen aktuelle år.
3. Fondsmidlane står til disposisjon inntil 3 år. Unytta midlar etter 3.år, vert overført til investeringsfond.
4. Fondsreserve for kvart ansvar/tenesteområde kan maks utgjere 10% av netto driftsbudsjett for aktuelle ansvar/tenesteområdet aktuelle år.
5. Bruk av fond, inntil 100.000 skal godkjennast av rådmannen, medan bruk av fond utover 100.000 skal innarbeidast i revidert budsjett, og formelt godkjennast av Kommunestyret

## VURDERING

Sandnes skule har opparbeidd fond – overskotsfond.

Prosjektet har ein kostnad over kr. 100.000,- og må difor vedtakast av Kommunestyre.

Tiltaket vert tilrådd, og ein tilrår samtidig budsjettjustering – investering;

02309 – Sandnes skule	185.000
04290 – Sandnes skule	45.000

Finansiert med;

09700 Overføring frå drift	-45.000
09400 bruk av fond	-185.000
17280 Sandnes skule	-45.000
15700 Sandnes skule	45.000

## KONKLUSJON

Rådmann tilrår at tiltaket vert gjennomført



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	27.04.2012	039/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/242
-----------	---------------------

### SAK 039/12 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	12/1633	I	17.04.2012	leiar Kontrollutvalet i Masfjorden v/Vigdis Søvik	Møteutskrift for kontrollutvalet i Masfjorden den 16.04.2012
2	12/1697	X	19.04.2012		Merknader til kommuneplanen etter 2.gangs høyring – eige hefte

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

#### KS-039/12 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

**Det skjedde i Kommunestyret den 27.04.2012:**

Marianne Ulvatn fekk permisjon frå møtet før avrøysting i denne saka.

**• Orientering alkoholpolitiske forhold 27.4.**

Orientering og oppfølging spørsmål sist kommunestyremøte v/Ørnulf Lillestøl basert på fylgjande:

**Marit Steinestø, KrF**, sette fram slikt tilleggsframlegg:

*Masfjorden KrF vil be administrasjonen koma opp med ei sak som viser kva tiltak kommunen vil iverksetja for å nå målsetjinga i alkoholpolitisk handlingsplan. Det vil seia å redusera skader som alkoholforbruk kan innebera og å redusera alkoholbruken itråd med nasjonal målsetting.*

*KrF ønskjer at administrasjonen synleggjer det førebyggjande arbeidet som vert gjort og viser korleis avgifter som vert betalt til kommunen for alkoholomsetning blir brukt i det handlingsskapande arbeidet. Ein ber og om at det vert vurdert om Masfjorden kommune kan bli ein "Av og til" kommune. Me ønskjer og å få ei vurdering om kommunale arrangement skal vera alkoholfrie eller ikkje.*

**Skriv utdelt i møtet:**

Skriv 3) Innføring av valfag – svar på høyring vart delt ut i møtet.

Skriv 4) Epost frå Stein Petter Eriksen om LNG bunkring ved Haugsøytangen

Skriv 5) Utkast til faldar/brosjyre for nye innbyggjarar og andre

**Spørsmål/ytringar:**

**Tove Kristin S. Tistel, V**, synte til teknisk svikt på kabelferja nyleg og sa at ho i sist møte spurde korleis beredskapen er lagt opp når ferja ikkje går. Ho spurde om kven som har ansvar for kommunikasjonen og kor lang tid det skal gå før det blir sett inn anna skyss? Slik det er no er dette er ikkje godt nok. Ho ba kommunen om å senda ei klage til Skyss.

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl sa me er avhengig av ferja av beredskapsgrunnar.

Dersom ferja ikkje kan gå pga av været kan ikkje andre båtar gå heller, men dersom ferja har teknisk svikt er det ein annan situasjon.

**Terje Sætre, Sp**, spurde om Masfjorden kommune har noko form for beredskapsavtale over fjorden?

**John Torsvik, H**, meinte at ansvaret ligg hjå fylkeskommunen og ba kommunen senda eit skriv til Skyss med orientering om situasjonar som har og kan oppstå.

**Ordførar Karstein Totland oppsummerte og sa at me skal senda ei klage til Skyss over at det har vore driftsstans på kabelferja utan at det har vore sett inn skyssbåt.**

**Lillian Andvik, KrF**, spurde om kommunestyret kan få orientering frå rådgjevar for skule om dei nye valfaga som kjem til hausten på neste møte.

Ordførar svara at dette skal me prøva å få til.

**Gjennomgang av skriva som låg ved sakspapira:****Skriv 1) Møteutskrift for kontrollutvalet**

Wenke Ekren etterspurde brukarundersøkinga for skule.

Svar: Det vart opplyst om at den er utsendt til brukarane og svarfristen er no med helga.

**Skriv 2) Merknader kommuneplan v/spesialrådgjevar Lovisa Midtbø**

- Fylkesmannen har trekt motsegna mot Kjølneset.
- Motsegn mot naustområde i Rekneset. Dette vil ikkje kommunen gjera noko med no.
- Det har kome fleire innspel som er kritiske til småbåthamn i Holo på Kvingo.
- Kystverket har kome med motsegn for at me ikkje har lagt inn ankringsområde utanfor Haugsøytangen.

Det vart drøfta grundig i høve motsegna til Kystverket.

**Terje Sætre, Sp**, spurde om kva ankeinstansar me har i høve til å bli påtvinga eit ankringsområde som me ikkje ynskjer?

Ordførar svara at det er departementet, men me må mekka fyrst.

**Wenke Ekren, H**, spurde om storleiken/tal båtar på Holo småbåthamn på Kvingo.

Spesialrådgjevar Lovisa Midtbø svara at kommunen har tatt stilling til eit innspel om småbåthamn og avsett område i kommuneplanen til dette. Ingen overordna instansar har vesentlege merknader til dette. Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan for området. I reguleringsplanarbeidet vil storleiken på båthamna, avkøyrslø, vegtilkomst, parkeringsplassar m v bli grundig vurdert og endeleg fastsett i tråd med kva området toler.

**Skriv utdelt i møtet - gjennomgang:**

- **Skriv 4) Epost frå Stein Petter Eriksen om LNG bunkring ved Haugsøytangen.**  
Ordførar Karstein Totland orienterte om skrivet og ba formannskapet om fullmakt til å svara på brevet om at det ikkje er aktuelt for kommunen å imøtekomma dette. Vil då visa til at det er ledig kai i Sløvåg og i Brandangersundet m.v.
- **Skriv 5) Utkast til faldar for nye innbyggjarar**  
Faldaren vart godt motteken.

**Tove Kristin S. Tistel, V**, spurde om ein kunne ta inn epostadresser på lag og organisasjonar.

**Vigdis Søvik, Sp**, ba om at ein tok med opplysning om kvar folk skal venda seg for å melda frå om flytting til kommunen.

Kommunestyret vart oppmoda om å senda inn epost dersom dei hadde synspunkt på opplysningar som kunne vera med i faldaren.

**Orienteringar v/rådmann:**

- Windows basert nettbrett til kommunestyrerepresentantane vil koma i oktober - november.
- Budsjettprosess for 2013 og økonomiplan.

**5 PLANPROSESSAR – handling, tidsfrist og ansvar**

Dato	Tema	Ansvarleg
April	Administrativ oppstart sak rammer	rådmann
Mai	Presentasjon av hovudtrekk i kommune-Proposisjonen	rådmann
Mai	Dialogmøte mellom politikarane/leiarane i samband med rammesaka	Ordførar
Juni	Ramme budsjett/øk.plan Som byggjer på;	Formannskapet
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• rekneskapen/årsmelding</li> <li>• 1. tertialrapport</li> <li>• Kommuneproposisjonen</li> <li>• Innspel frå driftseiningane</li> </ul>	
juni	Fastsetjing rammer til budsjett / ramme økonomiplan	Kommunestyret
juni	Orientering om fastsette rammer til budsjett overfor driftseiningane/HTV. inkl. orienteringsskriv til budsjettansvarlege om budsjettprosessen og ramme	Rådmannen
Innan 1.9.	Utarbeiding av budsjettframlegg med konsekvensvurdering av tildelt ramme	Driftseiningane
oktober	Utarbeiding av samla budsjettframlegg i dialog med driftseiningane	Rådmann
ca. 31.10	Presentasjon av administrasjonen sitt budsjettframlegg og utkast til økonomiplan	Rådmann
november	Budsjetthandsaming Formannskapet's innstilling vert lagt ut til offentleg ettersyn	Formannskapet Innbyggjarane m.fl.
1x.12.	Endeleg vedtak av årsbudsjettet og økonomiplan	Kommunestyret

Budsjettet er offentleg etter at rådmann har lagt fram forslag til årsbudsjett, som skal skje innan den 31. oktober (ca. 3 veker etter at statsbudsjettet vart framlagt).

- Oppfølging av ukast til faldar/brosjyre for nye innbyggjarar og andre

- Årleg dialogmøte mellom leiarar og politikarar og kva form ein skal ha på møtet. Formannskapet ynskte å ha dialogmøtet i juni samstundes som rammesaka skal handsamast. Det er viktig å finna ei form på møtet der fokus ikkje berre blir å få mest mogleg av ramma til sitt område. Viktig at kvar einingsleiar ikkje får for lang tid og det må spissast kva dei skal ta opp. Ein modell kan vera at skule er representert med ein og barnehage med ein talsperson osv.

**Marit Steinestø, KrF**, gjorde framlegg om at ein tek dialogmøtet i mai. Kommunestyret slutta seg til dette.

### **Orienteringar v/ ordførar:**

**Frå felles formannskapsmøte med Gulen** den 25.04.2012. der blant anna desse sakene var drøfta:

- Det kjem sak om å velja representantar til ei arbeidsgruppe for ny idrettshall i lag med Gulen. Gulen skal og velja representantar til arbeidsgruppe.
- Planstrategi, rullera kommunane sine planar samstundes.
- Legevaktsamarbeid – Gulen søker no legevaktsamarbeid nordover mot Helse Førde.
- Tettare dialog administrativt mellom Gulen og Masfjorden.
- Vassforsyning og alternativa for kapasitetsauke.
- Orientering frå møte i Vegnemnda om bruprosjektet og fylkesveg 570.

### **Sandnesplanen**

- Prosessen vidare og avklaring. Det kjem sak til handsaming. Ein må svara på skriv nyetablerarar/interessantar til tomtar om mogleg tidsramme og økonomi (anslag kommunal finansieringsdel). Ordførar fekk tidlegare fullmakt til å forhandla om frivillig grunnavståing til veg. Det vart ikkje semje med grunneigar. Ordførar ba om fullmakt til å forhandla vidare med grunneigarar for å vurdere alternative løysingar.

### **Ungdomskontakten Salto**

- Ordførar Karstein Totland opplyste om skriv frå Ungdomskontakten Salto der dei ber om å få koma til kommunestyret i Masfjorden for å orientera om drifta. Kommunestyret var positive til dette. Ordførar tek kontakt med Salto om møtedato.

### **Orientering/vedtak:**

- Sertifikatstøtte – nytt kurs i oktober er avtalt med kurshaldar v/rådmann
- Havforskningsinstituttet – v/ordførar  
Ordførar Karstein Totland svara at BKK er i gang med å føreta fleire undersøkingar i høve fylling i sjø.
- Fond/eigenkapital Masfjordsambandet  
Kommunen har vurdert eigenfinansieringsdel, om lag 40 mill.kr. som vil utgjere ca. 5% av totalprosjektet - gjennom årleg avsetjing av konsesjonsavgiftene med 1 mill.kr. sett over 40 år = 40 mill.kr

**Skriv og meldingar/orienteringar, framlagte skriv i møtet vart samrøystes vedtekne.**

Det vart tilslutt folkevaldopplæring med teknisk sjef Terje Kallekleiv frå ca. 16 – 16.30.

**Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 27.04.2012 vert vitna:**

---

Karstein Totland  
Ordførar

---

Øystein B. Strand  
Vara til kommunestyret

---

Janne Judith K. Sandnes  
Vara til kommunestyret